

Presisering av geografi for tomtealternativer - Nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2013/28	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	29.05.2013

Saksbehandlar: Espen Remme

Arkivreferanse: 2013/185

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til presisering av geografisk område for moglege lokaliseringar av tomt for nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal slik det kjem fram i kartgrunnlaget og i definering av avstand frå Europaveg/ riksveg.

Ålesund, 22. mai 2013

Astrid J. Eidsvik
adm. direktør

Vedlegg 1: Planprogram E 39 Lønset – Hjelset, Statens Vegvesen.

Saksutgreiing:

1. Grunnlag

Bakgrunnen for saka skriv seg frå utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal HF vedteken i sak 2012/99 i Helse Møre og Romsdal HF, og seinare understøtta av Helse Midt-Norge RHF i sak 92/12. Vidare så vart det i sak 2013/10 blir gjort vedtak om å starte opp tidlegfaseplanlegging for planlegging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal, som det høgst prioriterte tiltaket kva gjeld større investeringar i foretaket. I same møtet vart det i eiga sak 2013/11 Kommunedelplanarbeid - "nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal", gjort vedtak om å initiere ein prosess med kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde der for å køyre ein kommunaldelplan i respektive kommunar. Kommunane skal ved fullenda kommunal sakshandsaming respektivt legge fram sitt prioriterte alternativ for lokalisering av det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal.

2. Koordinering av arbeidet med kommunaldelplanane.

I eiga sak 2013/11 Kommunedelplanarbeid - "nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal", gjorde styret i Helse Møre og Romsdal HF slikt vedtak:

1. *Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til prosessen knytt til arbeid med kommunedelplan i kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde som del av planlegging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal.*
2. *Styret legg til grunn framdrift og spesifikasjonar i tråd med saksframlegget.*
3. *Styret er takksame for at Møre og Romsdal fylkeskommune vil bistå i kvalitetssikring og sameining av planprogram, utgreiingar og konsekvensutgreiing i tråd med plan og bygningslova.*

I oppfølginga av arbeidet med dette vedtaket og dei kommunale delplanane, vart dei tre kommunane, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen, Statens vegvesen, Helse Midt-Norge RHF og Helsebygg Midt-Norge invitert til oppstartmøte i Angvika 26. februar 2013. I dette møtet var det semje om at ein skulle sette ned ei koordineringsgruppe for arbeidet med kommunaldelplanane. Kommunane har gjort vedtak om å slutte seg til prosessen og peika ut representantar i gruppa. I første møtet i Kristiansund 5. mars 2013, kom ein fram til eit namn som ein meinte var dekkande for arbeid og funksjon for koordineringsgruppa. Namnet vart "Felles administrativ plangruppe for utarbeiding av grunnlag for kommunedelplanarbeidet knyttet til bygging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal". Kortform: "Felles administrativ plangruppe". Det vart vidare diskutert seg fram til følgjande:

Mandatet:

Administrativ samordning av prosessen, møteplass for saksbehandlere som skal gjøre jobben i kommunene, arbeidsgruppe for prosessen. Avklare prosessspørsmål mellom kommunene og helseforetaket. Vegvesenet og Fylkesmannen deltar ved behov for avklaring mot respektive myndighetsområder. Bjordal (Helse Midt-Norge RHF) presiserte at han også representerer kontaktflaten mot Helse- og omsorgsdepartementet.

Arbeidsform:

M&R fylkeskommune er sekretariat, leder, refererer og innkaller til møtene. Møtene er ikke politiske møter etter kommunelova og holdes lukket. Når det gjelder dokumenter fra møtene gjelder offentlighetslova og man bør etterstrebe meroffentlighet. Helseforetaket gjør tilgjengelig informasjon fra møtene. Partene uttaler seg fritt om forhold vedrørende egen rolle i prosessen. Fylkeskommunen og Helse M&R orienterer gjerne i eksterne fora om prosessen.

3. Spørsmål om geografisk avgrensing.

I utdrag frå sak 2012/99 Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF, står det om struktur og geografisk plassering:

7. *Styret ønskjer no at føretaket skal gå inn i "idéfasa" med eit geografiske område for det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal, plassert på aksen frå-og-med Hjelset til-og-med søre del av Frei. Styret har merka seg høyringsuttalane og faglege rapportar som understrekar fordelane ved eit bynært akuttsjukehus og føreset at det vert teke omsyn til desse vurderingane i det vidare arbeidet.*

I arbeidet i felles administrativ plangruppe, er det den geografiske delen av punkt 7 i vedtaket over det no har kome ønskje om ei enno tydlegare presiseringa av; "..., plassert på aksen frå-og-med Hjelset til-og-med søre del av Frei.".

For å kunne avgrense "søkeområdet for aktuelle tomter" i respektive kommunar er det frå plansida eit ønskje med ei tydelegare definering i kartet av endepunkta i begge endar av aksen og av "korridorbredda" langs aksen i forhold til kor langt frå vegen (E 39 og Riksveg 70) ein kan plassere tomta.

4. Samferdsel.

Vegutbygginga E 39 Astad - Høgset er under ferdigstilling våren 2013, og er såleis realisert med trasé og kjent for alle partar. I forhold til utrekning i vedlagt kart blir avstanden forkorta med ca 1,4 km. Dette flyttar det avstandsmessige midtpunktet 0,7 km i retning Molde, men påverkar ikkje vurderinga i denne saka, som har sitt utgangspunkt i bysentrum i Molde og Kristiansund.

Planprogrammet for reguleringsplan for E 39 Lønset – Hjelset ligg vedlagt. Dette reguleringsarbeidet og framtidige tiltaket innan Molde kommune påverkar ein framtidig vegtrase - i delar av eller inn mot - moglege tomteområder. Det er i kapittel 7 i planprogrammet lagt opp til ein tidsplan der Molde kommune skal gjere planvedtak i mai 2014, ganske parallelt med handsaming av kommunaldelplanarbeidet for sjukehustomtene i respektive kommunar som er innan juni 2014. Ein føreset derfor at Molde kommune samordnar sin kommunaldelplanprosess knytt til sjukehustomt opp mot reguleringsarbeidet i forhold til ny vegtrasé.

5. Fastsetting av endepunkt på aksen og korridorbredd.

Intensjonane i sak 99/12 var at ordlyden om geografisk avklaring i vedtaket skulle vere tydeleg nok. Men i arbeidet i felles administrativ plangruppe har det kome ønskje om tydelegare avklaring slik at det ikkje skal herske tvil om avgrensingar. Manglande tydelegheit ville i verste fall kunne skape konflikthar seint i prosessen knytt til forståinga av grunnlaget for plassering. Det er derfor tenleg for prosessen at dette kjem opp no, før kommunane gjer sine avklaringar og prioriteringar.

I grunngjevinga i saka om avgrensing av aksen slik den var gjort i sak 99/12, var den samla tilgjenge for pasientane i Nordmøre og Romsdal viktig. I tillegg var den faglege samarbeidsløysinga rundt nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal avgjerande. Helse Møre og Romsdal trenger dei dyktige fagfolka ein har ved begge sjukehus. Derfor var det avgjerande at det nye felles akuttsjukehuset skulle ligge tilstrekkeleg nært begge byar og begge dagens fagmiljø. På denne måten kunne ein framleis bli oppfatta som ein attraktiv arbeidsplass og kunne nyttiggjere seg rekruttering og stabiliseringseffektane som byane Molde og Kristiansund representerer for det nye felles akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal.

Når no spørsmålet om ei enno tydelegare avklaring av aksen kjem opp, legg ein til grunn at ei mest mogeleg lik behandling av byane vil vere å føretrekke. Ein har derfor teke utgangspunkt i dei ”*sentrumspunkta*” som har vore nytta i tilgjengeanalyser Helse Møre og Romsdal HF tidlegare har fått utført av Asplan Viak. Det er frå kvart av bysentruma blitt utrekna kilometer til ytterpunkta for den aktuelle lokaliseringsaksen. Denne avstanden frå bysentrum mot lokaliseringsaksen er illustrert direkte i kartet med 2 kilometersintervall. Då både ny og gamal vegtrasé mellom Lønset og Hjelset stort sett følg rett linje, har ein ikkje gjort justeringar for dette, men ein legg til grunn at dette i kilometer er likt.

For å gje eit fornuftig handlingsrom både innafor Kristiansund kommune og Molde kommune sine kommunegrenser, i kombinasjon med ønskje om nærleik til fagmiljø i motsett by, vert næraste byplassering og absolutt ytre grense for lokaliseringsaksen ”*frå-og-med Hjelset til-og-med Søre del av Frei*” sett til 15 kilometer frå kvar av bysentruma. Dette er illustrert i karta. Den aktuelle lokaliseringsaksen for nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal er altså mellom desse to punkta.

Nærleiken til hovudveg (E39/ Rv 70) på lokaliseringsaksen er av tilgjengemessige tilhøve vurdert som viktig. Ein legg derfor opp til at ein ikkje kan trekke tomtegrensa lenger vekk enn om lag 1 000 meter på kvar side av vegen utrekna som radius på 1 000 meter, med senter i aktuell sjukehusavkjørsle på E 39 – Rv 70.

Kart 1: Kilometer fra Bysentrum i Kristiansund etter riksveg 70 og E 39.



Kart 2: Kilometer fra Bysentrum i Molde etter E 39.

